



BØ SPAREBANK



Kvartalsrapport Bø Sparebank

1. kvartal 2010

Hovudpunkt frå kvartalstala pr. 1. kvartal 2010

- rentenetto klart lågare
- litt betring i andre inntekter
- tilbakeføring av kurstap verdipapir og andre ekstraordinære inntekter dreg resultatet opp
- god kostnadskontroll
- svært gode avsetnader mot tap
- redusert balanse – redusert verdipapirportefølje – redusert gjeld til marknaden

Utvikling i nøkkeltal ;

	31.03.10	31.03.09	Vekst %
Forvaltningskapital	kr. 1.695.964	1.755.470	- 3,39 %
Utlån til kundar	kr. 1.570.340	1.487.896	5,51 %
Innskot frå kundar	kr. 1.082.314	1.063.257	1,79 %
Kostnader i % av inntekter	% 53,57	56,98	
Rentenetto	% 1,85	2,19	
Innskot i % av utlån	% 68,92	71,46	
Kapitaldekning	% 16,75	16,50	

Resultatutvikling

Driftsresultat før tap på utlån er kr. 5,57 mill. mot kr. 3,36 mill. på same tidspunkt sist år. Samla sett er resultatet 1,1 mill. kr. betre enn budsjettert, men dette kjem av auka verdi på verdipapir og ekstraordinære inntekter .

Rentenetto

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter er pr. 31.03.2010 kr. 7.975 mill.kr. mot kr. 8.944 mill. kr. på same tidspunkt sist år. Resultatet er også om lag 0,9 mill. kr. etter budsjett.

Rentenettoen er 1,85 % av GFK, tilsvarende var 2,19 % på same tidspunkt i fjor.

Årsaka ligg i fallande rentemarknad med lange varslingsstider før ein kan endre, samt høgare rentemarginar på lån i marknaden. Det er sett i verk tiltak for å betre rentenettoen.

Andre driftsinntekter

Provisjonsinntektene er svakt betre enn sist år, og ligg på budsjett.

Kursgevinst på verdipapir er bokført med 0,9 mill.kr. Øvrige andre driftsinntekter er bokført med om lag 1 mill. kr. Store delar av dette gjeld tilbakeført moms og er ei eingongsinntekt etter at TerraGruppen AS vann sak omkring momspåslag på datatenester bankane kjøper i Danmark.

Det er ikkje bokført aksjeutbytte frå TerraGruppen AS i kvartalsrekneskapen, da vedtak om dette ikkje var fatta. Vidare er det ikkje tatt omsyn til eventuell inntektsføring av overfinansiering av AFP ordning ut frå nytt regelverk.

Driftskostnader

Andre driftskostnader var pr. 31.03.10 kr. 5,35 mill. mot kr. 5,59 mill. på same tid sist år.

Kostnader i % av inntekter er 53,57 % mot 56,98 % på same tidspunkt sist år.

Kostnadsutviklinga er litt betre enn budsjettert, men bygger på periodiserte årstal, og vi reknar med at dette vil jamne seg ut.

Risiko / Tap på utlån

Netto tap på utlån er kr. 1.186 mill. pr. 31.03.10.

Samla tapsavsetnader pr. 31.03.10 er kr. 19.895 mill., som utgjør 1,26 % av samla utlån.

Vi vurderer vår utlånsportefølje fortløpande med omsyn til føring av eventuelle tap / tapsavsetnader.

Vår vurdering er at vi har svært gode avsetnader i høve til den risiko vi ser pr. dato.

Tapsutsette og misleghaldne lån vil svinge litt frå kvartal til kvartal. Frå tid til annan vil større engasjement der ein har dokumentasjon for at engasjementet vil bli retta opp snarleg bli liggande i restanse ved kvartalskifte.

I tilfelle der pant skal realiserast tek det tid å avvike dette. Tradisjonelt er første kvartal ein periode der ein del av våre kundar treng likviditet for å bygge opp lager fram mot sesongen. Generelt har det vore ein del usikkerheit omkring vekst og utvikling i marknaden framover, men vi opplever stadig positive signal frå våre kundar omkring marknadsutviklinga.

Balanseutvikling

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er pr. 31.03.10 kr. 1.695 mill.

Dette er ein nedgang frå same periode i fjor med kr. 60 mill., eller 3,39 %.

Sist år hadde vi tatt opp ekstra lån tidleg på året for å møte forfall på obligasjonslån sist sommar.

Dette saman med at innskot denne våren er blitt relativt kraftig redusert som følge av våre kundar sitt bruksmønster på driftskonti. I tillegg har vi relativt betydelege uttrekk på byggelån.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 31.03.10 kr. 1.082 mill.

Dette er ein auke frå same tidspunkt i fjor med kr. 19 mill., eller 1,79 %.

Innskot frå kundar dekker 68,92 % av utlån, mot 71,46 % på same tid sist år.

Utlån

Utlån til kundar er pr. 31.03.10 kr. 1.570 mill.

Dette er ein auke frå same tidspunkt sist år med kr. 82 mill., eller 5,51 %.

Av utlåna er om lag 76 % mot privatmarknaden og 24 % mot bedriftsmarknaden.

Vi har lånt ut vel 18 mill. kr. gjennom Terra Boligkreditt (TBK).

For å redusere likviditetsrisikoen ønskjer ein framover å nytte TBK i større grad.

Verdipapir

Banken har ei verdipapirportefølgje pr. 31.03.10 på kr. 85,5 mill.

Den fordeler seg på obligasjonar og sertifikat med kr. 63,4 mill., og aksjar/aksjefond med kr. 22,1 mill.

Alle postar er vurdere til gjeldande kurs ved utgangen av kvartalet.

Vår vurdering er at risikoen ved våre verdipapirinvesteringar ligg godt innanfor forsvarlege rammer.

Likviditet

Banken er svært opptatt av å sikre god og trygg likviditet, og legg vekt på langsiktig og differensiert funding.

Trekkrettar er tilgjengeleg som sikkerheit og reserve.

Likviditetsindikator 1 er pr. 31.03.10 - 101,69.

Det er relativt stor aktivitet i vår marknad, og nokre større byggeprosjekt har søkt byggelån hos oss. Desse prosjekta har alle sikra seg langsiktig finansiering. Nokre hos oss og i andre lokale bankar, medan Husbanken og i stor grad er langsiktig finansieringskjelde. Dette er kundar som i stor grad har hatt eit langsiktig kundeforhold til oss og har gode prosjekt. For å møte slike kortsiktige behov vil vi vurdere inntil vidare å hente inn kortsiktig funding i marknaden sjølv om dette vil påverke vår likviditetsindikator negativt.

Kapitaldekning

Bankens kapitaldekning er pr. 31.03.10 er 16,75 %. Netto ansvarlig kapital er kr. 178.988.

Lovpålagt krav er 8 %.

Bankens kjernekapitaldekning er 16,50 %. Banken sin kjernekapital er kr. 176.327.

Utsiktene framover

Vi registrerer generell fall i rentenetto i marknaden. Vår netto er langt lågare enn budsjettert på årsbasis, og styret og administrasjonen er opptatt av å setje iverk tiltak for å betre situasjonen. Generelt høgare spread har gjort at låneopptak i 2009 og 2010 vil påverke vår rentenetto negativt i 2 – 3 år framover i høve til dei lån som er refinansierte. Så langt har ikkje marknaden i tilstrekkeleg grad gitt rom for å kompensere dette i utlånsrentene. Ein er spent på tilgang og pris på kapital framover. På lågt forrenta lån til bustadmarknaden vil ein prioritere bruk av Terra Boligkreditt som reduserar likviditetsrisikoen.

Konkurransen i lokalmarknaden er stor. Så langt har vi klart oss godt marknadsmessig, men det er vanskeleg å oppnå dei marginar ein ønskjer. Aktiviteten i lokalmarknaden er god og stabil, noko vi trur vil være positivt for banken og våre kundar. Vi har sett av gode reserver mot tap slik vi vurderer situasjonen, og meiner framtidsutsiktene er gode.

Bø Sparebank


Resultat (1.000 kr.)	1. kvartal		Hittil i år		Året 2009
	2010	2009	2010	2009	
Renteinntekter og lignende inntekter	17.661	24.642	17.661	24.642	81.637
Rentekostnader og lignende kostnader	9.686	15.698	9.686	15.698	45.851
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.975	8.944	7.975	8.944	35.786
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med var. avkastning	81	0	81	0	49
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	1.431	1.246	1.431	1.246	5.532
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	394	376	394	376	1.589
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp	860	-857	860	-857	4.598
Andre driftsinntekter	972	1	972	1	785
Netto andre driftsinntekter	2.950	14	2.950	14	9.375
Sum netto driftsinntekter	10.925	8.958	10.925	8.958	45.161
Generelle administrasjonskostnader	2.084	2.075	2.084	2.075	8.533
Lønn	2.215	2.519	2.215	2.519	9.787
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eiendeler	100	150	100	150	338
Andre driftskostnader	949	848	949	848	3.264
Sum driftskostnader	5.348	5.592	5.348	5.592	21.922
Resultat før tap	5.577	3.366	5.577	3.366	23.239
Tap på utlån, garantier m.v./Nedskrivning	1.186	874	1.186	874	5.377
Resultat av ordinær drift før skatt	4.391	2.492	4.391	2.492	17.862
Skatt	1.230	930	1.230	930	5.209
Resultat av ordinær drift etter skatt	3.161	1.562	3.161	1.562	12.653

Balanse (1.000 kr.)	31.03.10	31.03.09	31.12.09
EIENDELER			
Kontanter og fordringer på sentralbanken	37.332	126.184	97.978
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	0	34.084	20.305
Utlån til og fordringer på kunder	1.570.340	1.487.896	1.538.374
Spesifiserte tapsavsetninger	-8.195	-5.720	-7.855
Uspesifiserte tapsavsetninger	-11.700	-9.500	-11.700
Sum netto utlån og fordringer på kunder	1.550.445	1.472.676	1.518.819
Sertifikater, obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer med fast avkastn	63.410	74.749	62.655
Aksjer, andeler og andre verdipapirer med variable avkastning	22.116	32.524	22.043
Eierinteresser i tilknyttede selskap	0	0	0
Eierinteresser i konsern selskap	10.266	0	10.266
Utsatt skattefordel	1.315	0	1.315
Immaterielle eiendeler	0	1.598	0
Varige driftsmidler	484	1.010	465
Andre eiendeler	1.059	2.276	1.531
Forsk. betalte ikke påløpne kostnader og opptj. ikke mottatte inntekter	9.538	10.370	8.812
SUM EIENDELER	1.695.964	1.755.470	1.744.189
GJELD OG EGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjoner	173.923	146.393	171.215
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.082.314	1.063.257	1.124.916
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	225.008	340.000	240.000
Annen gjeld	4.030	5.456	6.551
Påløpne kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter	9.403	14.847	4.614
Avsetninger for påløpne kostnader og forpliktelser	3.681	3.096	3.681
Ansvarlig lån	35.000	35.000	35.000
SUM GJELD	1.533.359	1.608.065	1.585.977
Egenkapital 1.1.	157.738	145.384	158.213
Gavefond	475	475	0
Regnskapsperiodens resultat	4.392	1.561	0
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	1.695.964	1.755.470	1.744.189
BETINGA FORPLIKTINGAR			
Garantiansvar	22.241	19.775	22.344

Bø, 310310 / 030510

I styret for Bø Sparebank:


 Truve Myrene
 Leiar


 Geir Helge Espedalen
 Nestleiar


 Per M. Isaksen


 Auqon Eika


 Gunn Anita Stenstad


 Berit Volleng Sanden

Misleghaldsnote 1. kvartal 2010 – Bø Sparebank

	31.03.2009	31.12.2009	31.03.2010
Brutto misleghaldne utlån	5.213.245	24.509.313	30.346.046
Individuelle nedskrivningar	610.000	2.350.000	3.650.000
Netto misleghaldne utlån	4.603.245	22.159.313	26.696.046

Andre tapsutsette engasjement

Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldne)	11.005.060	11.858.036	9.211.512
Individuelle nedskrivningar	-5.110.000	-5.505.000	-4.545.000
Netto tapsutsette engasjement	5.895.060	6.353.036	4.666.512